

AVTALE OM AVSTÅING AV GRUNN, RETTAR, M.M. I SAMBAND MED BYGGING AV VA ANLEGG

Mellom Lindås kommune ved rådmannen og Kjetil Leknes Isdal, eigar av gr.nr. 185 br.2 i Lindås, er det inngått følgjande:


AVTALE

1. Utbyggjar får med dette varig bruksrett til å byggja, drive og vedlikehalde vannleidning og vannkum over eigedomen, slik det går fram av vedlagde kartutsnitt frå Lindås kommune dagsett 04.07-2019.
Retten gjeld og naudsynt tilkomst til anlegga for å kunna utføra inspeksjonar, utbetringar og vedlikehald. Det samme gjeld vegrett for drift og vedlikehald av anlegget.
2. Det må ikkje byggjast eller fundamenteras nærmare enn 4 meter rekna frå midten av grøfta. Arealet over leidningane kan nyttast til vanlege landbruksføremål, hage og plen. (Leidningane ligg på djupne 1,2 til 1,5m) . Det er mogeleg å køyra over leidningstrase i veg og dyrka mark. Dersom det blir aktuelt, kan areal over ny trase, nyttast som veg, denne kan asfalterast. Ved eventuell ny bruk av den gamle rørtraseen, skal dette forhandlast om på nytt. (sjå vedlagt kart datert 02.07-2019)
3. I anleggstida har entreprenøren rett til å plassera massar på eigedommen langs grøftetrasèen. Utbyggjar er ansvarleg for at det vert rydda opp etter anleggsarbeida og mogelege seinare reparasjonar.
Mogelege skadar vert erstatta, dersom dei ikkje kan utbetrast/rettast opp.
4. Andre tilhøve: Tilknytings punkt for vatn og avløp, for eventuell framtidig tomt, blir plassert etter avtale med grunneigar.
5. Lindås kommune får løyve til å setja i gong arbeidet straks.
Vederlag for klausulering av m leidningsgrøft a kr. 20,- pr.m.
Vederlag pr kum ---- stk. a kr.500,-

(Vert oppgjort etter oppmåling når anleggsarbeid er utført)

Denne avtalen er sett opp i to eksemplar, eit til kvar av partane. Avtalen kan tinglysast på eigedommen.

Knarvik 03 / 07-2019.


Grunneigarar - personnummer


Lindås kommune ved Rådmann